

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 232-249, 251-252, 250/14.

PRESENTASJONAR

- Dagleg leiar for Forum nye Bergensbanen, **Adelheid Nes**: "Nye Bergensbanen".
- Konserndirektør Energi **Wenche Teigland** i BKK og regiondirektør **Jan Alne** i Statkraft: "Vern om regulert kraft".
- **Fylkesdirektørane** i Hordaland fylkeskommune: Budsjett 2015.

OPEN TIME

Silje Hjemdal bad om at fylkesutvalet får orientering om status for produksjonsskulen i neste møte. Fylkesordføraren svarte at dette vil verte gjort.

Sveinung Valle stilte spørsmål om korleis fylkeskommunen vil handtere dei ulike synspunkta på Nordhordlandspakken frå kommunane som er omfatta av pakken. Fylkesrådmannen svarte at kommunane vil verte inviterte til eit møte for å avklare forståinga av vedtaka som er gjort lokalt.

Fylkesordføraren gjorde merksam på at han har bede om å få fram sak om retningslinjer for bruk av bustader for gjeste-kunstnarar.

På spørsmål frå **Benthe Bondhus** svarte fylkesordføraren at neste møte i fylkesutvalet skal haldast på Stord.

YMSE

Under sak 228/14 viste **Aud Karin Oen** til flaumen i fylket, og spurde korleis utfordringane innan buss/kollektivtrafikken var handtert. Direktør for Skyss, Oddmund Sylta, svarte at det hadde vore krevjande dagar med m.a. innstilte ruter. Etter forholda vart det likevel funne gode løysingar. 30. oktober var alle vegane opne, og trafikken var stort sett i gjenge.